

Arbeidsrapport nr. 210

Birgitte F. Grimstad og Hilde Osdal

Nynorsk i andrespråksopplæringa



HØGSKULEN I VOLDA



2007

Forfattar	Birgitte F. Grimstad og Hilde Osdal
Ansvarleg utgjevar	Høgskulen i Volda
ISBN	978-82-7661-265-3
ISSN	0805-6609
Sats	Forfattarane
Distribusjon	http://www.hivolda.no/fou

Birgitte Fondevik Grimstad (f. 1968) er høgskulelektor ved Høgskulen i Volda, Nordisk institutt, og underviser no m.a. på studiet Norsk som andrespråk og fleirkulturell pedagogikk. Ho har også undervist på studiet Norsk for utanlandske studentar, NUS, og i tillegg har ho erfaring frå undervisning og administrasjon i den kommunale vaksenopplæringa for innvandrarár.

Hilde Osdal (f. 1957) er høgskulelektor ved Høgskulen i Volda, Nordisk institutt. Ho har bakgrunn frå vidaregåande skule og lærarutdanning, men underviser no på studiet Norsk for utanlandske studentar, NUS.

© Forfattar/Høgskulen i Volda

Føresegnene i åndsverklova gjeld for materialet i denne publikasjonen. Materialet er publisert for at du skal kunne lese det på skjermen eller framstille eksemplar til privat bruk. Utan særskild avtale med forfattar/Høgskulen i Volda er all anna eksemplarframstilling og tilgjengeleggjering berre tillate så langt det har heimel i lov eller avtale med Kopinor, interesseorgan for rettshavarar til åndsverk.

Arbeidsrapportserien er for faglege og vitskaplege arbeid som ikkje fullt ut stettar krava til forskingsrapportar. Det kan vere delrapportar innanfor større prosjekt, eller læremateriell knytt til undervisningsføremål.

Arbeidsrapportane skal vere godkjende av anten dekanus, gruppeleiar, prosjektleiar (for IAAI: instituttleiar) eller ein annan fagperson dei har utpeika og forskingskoordinator ved HVO. Kvalitetssikringa skal utførast av ein annan enn forfattar.

Innhald

Innleiing	4
Kvifor nynorsk for minoritetsspråklege?	6
Nynorsk i andrespråkslæringa – relevant språklæringssteori	8
Minoritetsspråklege i skuleverket og i vaksenopplæringa	9
Korleis er andrespråksundervisinga organisert?	10
Norskopplæring for vaksne innvandrarar.....	11
Nynorske læreverk – kva finst?.....	13
Spørjeundersøkinga.....	13
Svar frå ungdomsskulane	14
Svar frå dei vidaregåande skulane.....	16
Svar frå vaksenopplæringsinstitusjonane	17
Erfaringar frå forsøk med nynorsk i vaksenopplæringa.....	20
Utfordringar framover	22
Kjelder	25
Vedlegg	27

Innleiing

Det første læreverket på nynorsk for vaksne minoritetsspråklege, *NynorskPluss*, kom i 2003. Likevel er det fire år etter svært få kommunar og utdanningsinstitusjonar, også i dei nynorske kjerneområda, som bruker nynorsk i andrespråksopplæringa. Kva utfordringar møter dei institusjonane som tilbyr andrespråksopplæring på nynorsk? Det er noko av det vi skal sjå på i denne rapporten, og dette spørsmålet var også bakgrunnen for at vi, hausten 2004, gjorde ei spørjeundersøking der vi såg på opplæringstilbodet i nokre ungdomsskular, vidaregåande skular og kommunal vaksenopplæring. Undersøkinga var avgrensa til nynorskkommunar på Sunnmøre, men vi trur og meiner at stoda er mykje den same i andre nynorskdistrikt.

Eit av spørsmåla vi stilte, gjaldt kva grunngjeving ein hadde for val av målform i opplæringa. Ein vidaregåande skule som hadde fleire vaksne minoritetsspråklege elevar, svara at dei underviste på bokmål av fleire praktiske grunnar og ikkje minst fordi den grunnleggande norskopplæringa i det kommunale tilbodet var på bokmål. Svararen karakteriserte denne situasjonen som ”frustrerande og uskjønleg”. Når vaksne i nynorskkommunar lærer bokmål, hindrar dette integrering og kommunikasjonen med lærarar og medelevar. Dei vaksne med born i skulen som lærer nynorsk, får t.d. vanskar med å kunne hjelpe borna med lekser. Dette svaret var typisk for mange av tilbakemeldingane vi fekk.

I sin årstale [Viljen til språk](#) sa direktør ved Nynorsk kultursentrum, Ottar Grepstad, følgjande:

Eg synest mange høgare utdanningsinstitusjonar har svikta nynorskbrukarane i denne saka og gjort mange innvandrarar ei bjørneteneste. Ingen av dei høgskulane som soknar til dei nynorske kjerneområda, har gjort nok for å utvikle ein pedagogikk i norsk som andrespråk som kjem innvandrarar til nynorskområde godt nok i møte. Både i Bø i Telemark, i Sogndal og i Volda blei det skipa høgskular for at verdiar som mellom anna kan knytast til den nynorske skriftkulturen, skulle sikrast akademiske posisjonar og framgang i samfunnet. Historia forpliktar! Mangelen på lærermiddel har vore skrikande. Lite av nytenkinga i sidemålspedagogikken skriv seg frå høgskulane. Same mønsteret gjer seg gjeldande for innvandringspedagogikken (Grepstad, 2002)

Tek ein så den utfordringa som ligg i det Grepstad seier, må ein stille ein del spørsmål. Nokre av desse er: Korleis er praksis når det gjeld andrespråksundervising i nynorskområda, t.d. på Sunnmøre? Korleis er situasjonen når det gjeld lærermiddel? [L97 – læreplanen for grunnskulen](#) sa: ”Det kreves ikke at de elevene som følger læreplanen i norsk som andrespråk,

lærer å skrive mer enn én målform, men de skal møte tekster på begge målformer og vert kjent med bakgrunnen for den norske språksituasjonen” (KUF 1998: 10). Eit overordna mål var: ”Opplæringa i grunnskolen skal gi elever fra språklige minoriteter muligheten til å utvikle solide ferdigheter i norsk som grunnlag for videre opplæring, arbeid og aktiv samfunnsseltakelse” (s. 8). Det er ikkje sjølv sagt at det er bokmålsopplæring som gir dette grunnlaget.

Reforma *Kunnskapsløftet* som no vert innført i skulen, har resultert i nye læreplanar, og den gamle læreplanen i norsk som andrespråk vil difor ikkje gjelde lenger. Det har kome fleire utkast til ny plan som truleg skal gjelde frå hausten 2007. I skrivande stund (juni 2007) er ikkje denne planen endeleg fastsett, men i det andre høyringsutkastet til [Læreplan i grunnleggende norsk for språklige minoriteter](#) kjem ei interessant formulering under overskrifta *Formål med faget* (s.1): ”Opplæringen i faget skal bidra til at elevene utvikler et tilstrekkelig ferdighetsnivå i norsk til å kunne følge opplæring på norsk i alle fag, på **lik linje** (vår utheting) med elever i norsk som morsmål”(Utdanningsdirektoratet 2007). Tanken er altså ikkje at denne planen skal erstatte den ordinære norskplanen i *Kunnskapsløftet*, men elevane skal følgje han til dei har nådd dei måla som gjer dei i stand til å følgje ordinær plan. Og under overskrifta *Formål* står denne målsetjinga i den ordinære planen, [Læreplan i norsk](#):

I Norge er både bokmål, nynorsk og samisk offisielle skriftspråk, og det tales mange ulike dialekter og sosiolekter, men også andre språk enn norsk. Norsk språk og kultur utvikles i en situasjon preget av kulturelt mangfold og internasjonalisering, i samspill med nordiske nabospråk og minoritetsspråk i Norge og med impulser fra engelsk. I dette språklige og kulturelle mangfoldet utvikler barn og unge sin språkkompetanse. **Med utgangspunkt i denne språksituasjonen skal det legges til rette for at barn og unge får et bevisst forhold til språklig mangfold og lærer å skrive både bokmål og nynorsk** (vår utheting). (Utdanningsdirektoratet 2007)

Når det gjeld opplæringa på vidaregåande skule, har dei minoritetsspråklege ofte fått første opplæringa på bokmål. Korleis vert spørsmålet om målform løyst der? Etter *Kunnskapsløftet* vil planane vi siterer frå ovanfor, både gjelde vidaregåande og grunnskulen, og må få konsekvensar for norsktibodet elevane der får. Skal formuleringane takast på alvor, må også rammevilkåra vere tilfredsstillande, t.d. eit godt lærermiddeltilbod.

Ser vi på vaksenopplæringa i nynorskkommunane, er det svært få som får tilbod på nynorsk. Lokalavisa *Møre* intervjuer norskklærar ved Møre Folkehøgskule i Ørsta, Kjell Tore Aarstad, 2.

juni 2004. Det var Møre Folkehøgskule som då gav tilbod om språkopplæring til flyktningar og innvandrarar i kommunane Volda og Ørsta. Etter eit interkommunal samarbeid på Søre Sunnmøre får dei no opplæringa si på Hareid ressurssenter der det no er tilbod om opplæring på nynorsk. I overskrifta vert det slått fast: "Bokmålsopplæring i nynorskland gjev auka språkstryk". Aarstad hevdar at dei som får norskopplæring på bokmål i dei nynorske kjerneområda, stryk oftare enn dei som får opplæring i bokmålsområda. Den nasjonale språkprøva er Oslo-orientert, seier Aarstad. Mangelen på tenlege læremiddel på nynorsk er hovudårsaka til at elevane berre får eit bokmåltilbod. "Dette gjer at elevane lærer ei målform som dei ikkje møter att når dei går ut av klasserommet og skal praktisere det dei har lært i dagleglivet. Det er klart at dette gir våre elevar eit ekstra stor problem med tanke på læring". Men det finst altså eit nynorsk tilbod for denne målgruppa no. Avisa *Norsk Tidend* (nr. 1, 2004) kunne melde at den første minoritetsspråklege eleven med nynorsk opplæring hadde gått opp til *Språkprøven* (no [Norskprøve 3](#)) etter å ha følgt det nettbaserte læreverket *NynorskPluss*.

Før vi går nærmare inn på spørjeundersøkinga, ønskjer vi sjå nærmare på definisjonar, lovverk og andre problemstillingar knytte til undervising av minoritetsspråklege generelt og til undervising på nynorsk for denne gruppa spesielt. Vi kjem også inn på relevant språklæringsteori.

Kvifor nynorsk for minoritetsspråklege?

I Noreg har vi to offisielle og jamstelte norske skriftspråk. Dette er ikkje eit uvanleg fenomen, i mange land skriv innbyggjarane fleire forskjellige skriftspråk. 122 år etter jamstillingsvedtaket i 1885 kan vi rekne med at minst 500.000 er nynorskbrukarar i det daglege, dei har nynorsk som bruksmål. Dette utgjer litt meir enn 10 % av innbyggjarane her i landet. Nynorsk er m.a.o. eit minoritetsspråk, men trass i dette er det eit ganske stort skriftspråk på verdsbasis. Og sjølv om det er eit mindre brukt språk enn bokmål, er det rotfesta i den norske kulturen og det norske samfunnet gjennom reglar, ordningar, organisasjonar, institusjonar og tradisjonar. Slik skil nynorsk seg frå mange andre små språkkulturar. Ein styrt politikk, t.d. gjennom jamstellingsvedtaket i 1885 og seinare innføringa av sidemålsopplæringa, har gjort at dei to målformene våre har vorte ein del av eit felles kulturgrunnlag, dei er ein del av den norske kulturen same kvar du bur.

På leiarplass i Dagbladet kunne vi 30. august 2000 lese:

Kampen om nynorskens plass i undervising og offentlig språkbruk har vært en nær 150-årig kulturkamp. Den handler om hvordan den norske samfunnsveien skulle se ut, det dreide seg

om å bygge en nasjon og om å bevisstgjøre oss som nordmenn. De politiske beslutningene som er fattet for å sikre nynorsken likestilling med bokmålet, har hatt som formål å smelte sammen kulturen som i utgangspunktet ikke følte nevneverdig slektskap og samhold.

Opplæringa i nynorsk er meir enn pedagogikk og undervisingsformer, det gir innpass i ein særmerkt norsk kultur. Også dei minoritetsspråklege bør få ei reell moglegheit til å ta del i den norske kulturen, ”samfunnsveven”, som inneheld trådar av både bokmål og nynorsk.

Eit argument som vert brukt mot å ha nynorsk som målspråk i andrespråksopplæringa, er at det er feil å skuve dei minoritetsspråklege føre seg i den norske språkstriden. Dette argumentet kan ein også treffe på frå lærarhald, det ser vi m.a. i spørjeundersøkinga vi kjem attende til. Men er det slik at utlendingar vert dregne inn i den norske språkstriden berre dersom dei skal lære nynorsk, og ikkje viss dei berre lærer bokmål? Eit anna mykje nytta argument er at så mange flyttar frå distrikta til byane. Men kvart år flyttar ein halv million nordmenn frå ein stad til ein annan. Ingen kan sikkert vite kva for ei målform ein vil få bruk for i framtida.

Per 1. oktober 2005 gjekk 2261 vaksne minoritetsspråklege på norskurs i 115 nynorsk-kommunar, men berre 12 av kommunane gav opplæring på nynorsk, alle i dei tre nordlegaste vestlandsfylka. Konsekvensen var at berre 280 personar, 12 %, fekk opplæring i norsk og samfunnskunnskap på nynorsk, syner tal frå [Grunnskolens informasjonssystem](#) (GSI). I 2006 var det 1228 majoritetsspråklege og 2135 frå språklege minoritetar over vanleg grunnskulealder som tek heile eller delar av grunnskuleopplæringa. Av desse 4363 fekk 89 opplæring på nynorsk. Om desse er majoritets- eller minoritetsspråklege, kan ikkje skiljast ut, men det ligg nær å tru at storparten er nordmenn. To konkrete døme frå nynorskdistrikt: På Voss var det seks, og på Hareid var det 16 frå språklege minoritetar som fekk opplæringa si på nynorsk (Osdal, 2006).

Mange av dei små kommunane greier ikkje å halde på dei minoritetsspråklege, dei flyttar til byane. Frå sentraliseringsproblematikken generelt veit vi at når mange flyttar, flyttar fleire. Årsaka er nok ønskje om å vere nærmare andre frå eigen kulturbakgrunn, men ei medverkande årsak kan også vere det språktilbodet dei får. Å lære å snakke eit språk som er fjernt frå det dominante talespråket i området, aukar framandgjeringa og hindrar integrering på stader der nynorsk er det dominante bruksspråket. Det kan verte ein medverkande faktor til flytting. For å betre integreringa i nynorskkommunane, må norskopplæringa på nynorsk verte eit reelt tilbod.

Nynorsk i andrespråkslæringa – relevant språklæringssteori

Spørsmålet om val av målform er meir enn berre eit målpolitisk spørsmål, eit kulturpolitisk spørsmål eller eit praktisk spørsmål om å kunne skjøne lokalavisa og informasjon frå skule og kommunal verksemd. Alt dette er viktig i seg sjølv, men like viktig er det at dette handlar om optimal læring. Grunnleggande idear henta frå førstespråksforsking syner behovet for identifikasjonsfigurar, først med familien, så med språksamfunnet, når ein lærer språk.

Når ein skal lære eit framandspråk, er motivasjon ein avgjerande føresetnad for eit vellukka resultat. Motivasjon deler ein gjerne i to i språkforskinga. Den instrumentelle motivasjonen har først og fremst ei praktisk målsetjing. Ein treng t.d. språkkunnskap i samband med arbeid og skule. Den integrative motivasjon grunnar seg i at ein ønskjer å kunne identifisere seg med medlemmer av det språksamfunnet ein har opplæringa i. Val av nynorsk som målform kan grunngjekast både ut frå integrativ og instrumentell motivasjon. For grupper som skal busetje seg i det landet eller regionen der dei lærer språket, vil den integrative motivasjon vere sterk. Å velje nynorsk som opplæringsmål i dei distrikta der nynorsk er dominante, vil då auke motivasjonen og betre læringsutbytet. Haldning til det språket som skal lærest, til andre brukarar av språket og til læringskonteksten generelt, verkar også inn på læringsresultatet. Å lære å snakke og skrive på bokmål når det er fjernt frå talespråket i området, vil auke framandgjeringa og hindre integreringa.

Berggreen og Tenfjord peiker på at mengd med innputt og dei språklege modellane ein andrespråksinnlærar møter, vil ha store konsekvensar for læringsutbytet:

Sosiale faktorer er i stor grad med og styrer hvilke samværs- og samtaleformer som er aktuelle i et gitt læringsmiljø, i hvilken utstrekning innlæreren kan benytte det nye språket til kommunikasjon, og hvilke samtalepartnere hun opparbeider relasjoner til.
(Berggreen/Tenfjord, 1999: 337)

Desse sosiale faktorane påverkar haldningane og legg grunnlaget for den individuelle motivasjonen, som vi allereie har sett på som ein avgjerande faktor i andrespråkslæringa. Som vi skal sjå frå spørjeundersøkinga, er det nett desse sosiale faktorane som mange legg vekt på når dei etterlyser eit nynorsktilbod for minoritetsspråklege. Men først skal vi sjå nærare på definisjonar, lovverk og andre problemstillingar knytte til undervising av minoritetsspråklege generelt.

Minoritetsspråklege i skuleverket og i vaksenopplæringa

I [Opplæringslova av 1998](#) vert minoritetsspråklege elevar definert som elevar med eit anna morsmål enn norsk og samisk. Ifølgje Opplæringslova § 2-8 har desse elevane særskilde rettar:

Elevar i grunnskolen med anna morsmål enn norsk og samisk har rett til særskild norskopplæring til dei har tilstrekkeleg dugleik i norsk til å følgje den vanlege opplæringa i skolen. Om nødvendig har slike elevar også rett til morsmålsopplæring, tospråkleg fagopplæring eller begge delar.

Elevar som har rett til særskild norskopplæring, kan få opplæring etter tilpassing i læreplanen i norsk eller etter læreplanen i [Norsk som andrespråk for språklege minoritar](#). (KUF'98) Foreldre skal i samråd med skulen velje den opplæringa dei meiner er den beste for eleven. For skuleåret 2006/2007 er det framleis andrespråksplanen i L 97 som gjeld. Den nye planen som skal gjelde frå hausten 2007, er nivåbasert og uavhengig av alder.

Grunnskolens informasjonssystem syner at det i 2006 var 1316 minoritetsspråklege i skulen som fikk særskilt norskopplæring i vårt fylke, Møre og Romsdal. Kven er det så som skal vurdere om elevane treng særskild norskundervising eller ikkje? I eit rundskriv fra Utanningsdirektoratet frå fylkesmannen til kommunane står det at "...skolen må gjennomføre ei kartlegging av den språklege dugleiken eleven har i norsk, og ei vurdering av kva slags språkopplæring som vil vere til det beste for denne eleven for å kunne oppnå den beste norskdugleiken" ([Rundskriv Udir 10-2005](#))

Utdanningsavdelinga ved Fylkesmannen i Oslo og Akershus har utarbeidd [ei rettleiing til hjelp i kartlegginga](#) (Fylkesmannen i Oslo og Akershus, 2003). Der finn ein også døme på ulike typar kartleggingsmateriell ein kan nytte. Ein andrespråklærar som arbeider i ein av grunnskulane på Sunnmøre, seier at ho ikkje kan nytte dette kartleggingsmateriellet fordi det berre ligg føre på bokmål. Men det er viktig med ei grundig kartlegging av norskunnskapane, sjølv om læraren tykkjer eleven snakkar godt norsk. Kartlegginga er føresetnaden for å kunne gi tilpassa norskundervising ut over nybyrjarundervisinga. Elevane har rett på ei grundig opplæring i norsk som andrespråk så lenge dei treng det. Difor må slikt kartleggingsmateriale også verte laga på nynorsk.

Korleis er andrespråksundervisinga organisert?

Opplæringslova og rundskriv inneholder retningslinjer for organisering av arbeidet med minoritetselevar. Korleis det fungerer i praksis veit vi ikkje så mykje om, men noko kan vi lese ut av spørjeundersøkinga vår, og noko veit vi frå semesteroppgåver skrivne av studentar ved Høgskulen i Volda. Med utgangspunkt i mellom anna desse kjeldene ser vi på organiseringa i fylket vårt, Møre og Romsdal.

Hausten 2004 starta Høgskulen i Volda eit studium i Norsk som andrespråk og fleirkulturell pedagogikk. Som ein del av studiet hospiterte dei 26 studentane ved ein sjølvvald skule i ein eller to dagar. Studentane skreiv så ei oppgåve med utgangspunkt i følgjande problemstilling: ”Korleis er det pedagogiske arbeidet med born/unge/vaksne frå språklege minoritetar planlagt, organisert og gjennomført?”

Etter feltarbeidet fortalte mange av studentane om manglande kartlegging av minoritetselevar. Grunnen er ofte manglande ressursar og/eller manglande kunnskap om at dette er eit krav. På nokre skuler hadde dei ikkje tilgang på, og heller ikkje kunnskap om at det finst, lærermateriell i norsk som andrespråk. I staden bruker ein dei same bøkene som til norskspråklege elevar. Dette får vi stadfesta i undersøkinga vår, som vi skal sjå seinare. Studentane kunne etter feltarbeidet fortelje om både lærarar og rektorar som ikkje hadde kjennskap til andrespråksplanen. Det er også eit faktum at det er få lærarar med kompetanse i norsk som andrespråk. Studentane kunne fortelje om usikre lærarar som ønskte å gjere så godt dei kunne, men som gav uttrykk for manglande kunnskap på feltet. Dei etterlyste opplæring og rettleiing i andrespråksfaget. I [Rambøll-rapporten](#) (Rambøll Management, 2006) kjem det fram at 93 % av kommunane ønskjer kompetanseheving på feltet.

Lærarutdanningsinstitusjonane har hatt liten tradisjon for å undervise i norsk som andrespråk eller i fleirkulturell pedagogikk. Ved Høgskulen i Volda har temaet vore lite i fokus i førelsingar og pensum. I 1989 kunne HVO tilby migrasjonspedagogikk, men det vart berre dette eine året. Men denne situasjonen er i ferd med å endre seg. I dag har alle lærarutdanningstilboda på HVO temaet på pensum, og hausten 2007 vert det tredje året vi tilbyr studiet Norsk som andrespråk og fleirkulturell pedagogikk.

Det er ikkje sjølvsagt at lærarar med kompetanse vert nytta i andrespråksundervisinga. Ei av studentane skriv i semesteroppgåva si at den læraren som hadde kompetanse i å undervise i norsk som andrespråk, ikkje underviste i faget. I staden valde skuleleiinga å bruke dei

lærarane som ikkje hadde fylt opp timeplanen sin. Det kan verke som om dette er vanleg praksis på einskilde skular. I spørjeundersøkinga vår har vi eit døme på ein skule med 14 minoritetsspråklege elevar og 14 ulike lærarar. Det seier seg sjølv at det då vert vanskeleg å byggje opp fagleg kompetanse og få til konstruktivt samarbeid. Vi meiner det må vere sjølv sagt at tilsette med kompetanse må få ansvar for andrespråksundervisinga.

I Møre og Romsdal ser det ut til at det er vanleg å integrere dei minoritetsspråklege elevane i klassar i lag med norske elevar. Dette gjeld også i den vidaregåande skulen. Felles for skulane som er med i spørjeundersøkinga vår, er at opplæringsmålet er på nynorsk. I nokre tilfelle vert elevane tekne ut av klassen og får støttetimar i norsk. Kor mange timar som er vanleg, veit vi ikkje, men nokre fortel om 2–4 timar i veka. I undersøkinga vår er vi interessert i å vite om den særskilde norskundervisinga vert gitt på bokmål eller nynorsk. Vi vil tru at det må vere forvirrande for elevane å få støttetimar på bokmål, for så å tilegne seg lærestoffet i eit nynorskspråkleg læringsmiljø.

Kunnskapsdepartementet har utarbeidd strategiplanen [Likeverdig opplæring i praksis](#). (2007) Planen skal sikre god opplæring og integrering for alle minoritetsspråklege på alle nivå i skulen. I Soria Moria-erklæringa slår regjeringa fast at god språkopplæring er nøkkelen til å lukkast i utdanning og arbeidsliv. Vi meiner at dette er vanskeleg å få til om ein ikkje tek omsyn til språksituasjonen i Noreg, med to målformer. Denne situasjonen er ikkje tematisert i det heile i planen.

Norskopplæring for vaksne innvandrarar

Norskopplæring for innvandrarar har vore eit viktig hjelpemiddel for å kunne oppnå målet om integrering og likestilling. Frå og med hausten 2005 har flyktningar som nett er komne til landet, og familiar som vert gjenforeina, rett og plikt til 300 undervisingstimar. 50 av desse timane skal vere undervising i samfunnskunnskap på eit språk deltakaren forstår godt. Dei som treng meir undervising, kan få inntil 2700 timer i tillegg til dei obligatoriske timane.

Opplæringstilbodet gjeld for personar over 16 år, og retten til gratis opplæring er knytt til grunnlaget for opphaldsløyve. Fram til 1.1.2001 kunne asylsøkjarar få gratis norskopplæring, men i dag er det berre dei som har fått positivt svar på søknaden sin, og dei som er under 18 år, som har rett til å byrje på norskkurs. Å busette asylsøkjarar med opphaldsløyve kan ta alt frå ei veke til eit år. Kommunar som har asylmottak må difor rekne med ein del ”gjennom-

trekk” av deltararar. Det vert også vanskeleg å legge til rette norskundervisinga for dei som flyttar til kantar av landet med ein annan dialekt og kanskje eit anna opplæringsmål.

Det er ikkje uvanleg å bruke omgrepet ”innvandrar” som felles nemning på alle dei ulike gruppene som har krav på norsk. Men det er likevel viktig å skilje mellom dei, for dei har ulike rettar. Flyktingar som nett er komne, har sidan 1.9.2004 rett til å ta del i eit introduksjonsprogram som skal sikre dei raskare integrering. Dei skal ha eit heildags- og heilårstilbod. Det vil seie 7,5 timars dag og 37,5 timars veke der norskopplæringa utgjer ein viktig del av programmet.

Til grunn for norskopplæringa ligg [Opplæringsplan i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar](#). (Utdannings- og forskningsdepartementet, 2005) Målsetjinga er at opplæringa skal gi innvandrarane moglegheit for likestilling, deltaking og integrering i det norske samfunnet. I den tidlegare planen sto det følgjande: ”Deltakerne må få systematisk trening i å oppfatte dialekten på stedet, og kursarrangører og lærere må vurdere om bokmål eller nynorsk skal være opplæringsspråket.” (KUF 1998: 6) Men på grunn av manglande læremiddel på nynorsk, har opplæringsmålet vore bokmål sjølv i nynorskdistrikt. I den nye læreplanen (UFD 2005) står der ingenting om opplæringsmål, men i innleiinga blir det sagt at ”I samsvar med det læringssynet som vert uttrykt i rammeverket, er det eit vilkår at opplæringa skal ta utgangspunkt i personlege føresetnader, den sosiale bakgrunnen og **den lokale tilknytinga som deltarane har.**” (s. 2, vår utheving)

I fleire rapportar blir det peikt på at norskopplæringa bør knytast meir til bruken av språket i naturlege situasjonar. Bruk av språktreningsplassar er difor etter kvart blitt ein viktig metode i norskopplæringa, og er i tråd med introduksjonsprogrammet. Deltarane vert utplasserte på arbeidsplassar to-tre dagar i veka. Dette skal være språkpraksis og ikkje arbeidspraksis, og det gjer val av målform til ein særskilt viktig faktor. Dei får trening i å forstå og bruke opplærings-språket i autentiske situasjonar.

I fleire kommunar, t.d. i Hareid, har ein freista å gjere bruk av den ressursen aktive pensjonistar kan vere i språkopplæringa spesielt og integreringa generelt. Dette vart mykje enklare når dei kunne ta i bruk den lokale dialekten og nynorsk som opplæringsspråk. Å lære å snakke eit språk som er fjernt frå talespråket i området og som ikkje blir nytta av institusjonane og folk flest i kommunen, kan hindre integrering. Når ein flykting kjem for å få arbeidspraksis i ei bedrift der eit nynorsknært talemål dominerer, og kollegaene der trur dei

må snakke til dei på bokmål, så kan dette auke framandgjeringa. Å knote opplever mange som både uakseptabelt og nedverdigande, og då freistar mange å kome frå problemet ved å unngå kontakt. Innvandrarane som kanskje syntest dei lukkast på norskkurset, kan no oppleve nederlag, ikkje meistring. Språket dei har lært på kurset, kommuniserer ikkje godt i store delar av lokalsamfunnet, ikkje på arbeidsplassen, ikkje på puben, ikkje på fotballbana eller i sanitetslaget, og liknande opplevelingar får mange ungdomar og vaksne når dei etter norskurs held fram i den vidaregåande skulen.

Nynorske læreverk – kva finst?

Mange forlag har eigne læreverk i norsk som andrespråk. Dei aller fleste er på bokmål, men nokre få er også tilgjengelege på nynorsk. Norskbøker treng ikkje, ifølgje § 9-4 i Opplæringslova, å oppfylle parallelutgåvekravet: ”I andre fag enn norsk kan det berre brukast lærebøker og andre læremiddel som ligg føre på bokmål og nynorsk til same tid og same pris”. Dei fleste norskbøker må utformast sjølvstendig for begge målformene, slik at særtrekka ved dei begge, får grundig handsaming. Dermed er det mange læreverk i norsk som andrespråk som berre er utgitt på bokmål. Vaksne minoritetsspråklege er særleg utsette sidan vaksenopplæringa ikkje kjem inn under Opplæringslova, og difor ikkje har rett til å krevje læremiddel i parallelutgåver på nynorsk. Det er ikkje enkelt å få oversikt over dei nynorske læreverka, og vi har difor prøvd å lage eit oversyn (oppdatert juni 2007) for å gjere det enklare å orientere seg. Fleire av læreverka er gitt ut med finansiering frå det offentlege, t.d. *Ta ordet*, *Stemmer* og *NynorskPluss*. Sjølve lista ligg som vedlegg til rapporten (sjå vedlegg 1).

Spørjeundersøkinga

(sjå vedlegg 2)

Som vi nemnde i innleiinga, var undersøkinga vi gjorde i 2004 (Osdal, 2005) retta inn mot tre ulike mottakarar: Ungdomsskulen, vidaregåande skule og vaksenopplæringsinstitusjonane. Vi valde ut dei ungdoms- og vidaregåande skulane som har nynorsk som hovudmål, og dei vaksenopplæringsinstitusjonane som ligg i nynorskkommunar i Møre og Romsdal. Spørjeeskjemaet vende seg til dei som arbeider i skulen eller institusjonen, ikkje til elevane eller brukarane av tilbodet.

Svar frå ungdomsskulane

I ungdomsskulen var svarprosenten lav, vi fekk melding tilbake frå berre ni av 28 aktuelle skular. Ein kan spørje kor gyldig og påliteleg undersøkinga då er, men vi meiner ho trass i dette kan peike på nokre interessante funn. Undersøkinga omfattar 19 lærarar som underviser 30 minoritetsspråklige elevar. Spørsmåla gjaldt norsk for minoritetselevar. I dette omgrepet ligg norsk som andrespråk eller særskild norskopplæring gitt individuelt eller i grupper utanom dei ordinære timane. Av desse elevane var det fire som fekk opplæringa si på bokmål og 26 på nynorsk. I ungdomsskulen vel elevane og dei føresette sjølve kva målform dei ønskjer opplæringa på, ofte i samråd med skulen.

Val av bokmål som målform vert grunngjeve med at eleven vil ha undervising på same målform som foreldra. Det er meir læremateriell tilgjengeleg på bokmål, dette vert sett på som eit viktig argument. Nokre meiner dei berre vil få tilbod om bokmål i vidare opplæring, og at det difor er mest tenleg å velje bokmål også i grunnopplæringa. Dei som har planar om flytting til eit bokmålsområde, nemner det som ein grunn til val av målform. Det viser seg også at mest alle foreldra har hatt opplæring på bokmål. Desse ønskjer ofte at borna skal velje same målform. Og det faktum at dei aller fleste tekstane i media og litteratur elles er på bokmål, ser mange på som forvirrande i høve til å lære nynorsk. På høgskule- og universitetsnivå vert det for det meste undervist på bokmål, og mest alle bøker er på bokmål. Dette er også eit argument som gjer mange skeptiske til at grunnopplæringa skal vere på nynorsk.

Majoriteten av desse elevane har likevel nynorsk som hovudmål, og det har dei fordi dei bur i nynorskdistrikt. Dei er omgitt av nynorsk skrift og nynorsknær dialekt i dagleglivet, og dei ser at nynorsk som opplæringsmål har ein integreringsvinst. Ein oppnår den formelle skriftlege kompetansen som er dominerande i lokalsamfunnet, ein kan følgje det undervisingsspråket som resten av skulen har. Og når ein har same målform som medelevar, kan ein også lettare samarbeide med og få hjelp frå medelevar. Elevane har gjerne hatt nynorsk i barneskulen/grunnopplæringa, og dei har sysken som lærer nynorsk. Nynorsk, meiner nokre, har no også vorte eit betre alternativ fordi ein har fått tilgang på det nettbaserte læreverket *NynorskPluss*.

Når det gjeld læremiddel, nyttar ein dei same læreverka som til dei norskspråklege elevane, men i tillegg ein del forenkla tekstar. Av læremiddel spesielt tilpassa minoritetsspråklege vert *NynorskPluss*, *Migranorsk* og *Ny i Noreg* nemnt. I tillegg kjem eigeprodusert materiell.

Korleis fungerer dei nynorske lærermedla? Nettbaserte lærermeddel som *Migranorsk* og *NynorskPluss* skaper ein del frustrasjon og problem pga. dårlig utstyr på skulane. I tillegg er ikkje ordlistene til *NynorskPluss* gode nok, og manglande internetttilgang i heimane er eit problem. Men elles er det positive kommentarar til *NynorskPluss* for sjølvinstruerande og systematiske oppgåver. Nokre i den gruppa som er ferdig med den grunnleggande norskopplæringa, peiker på at dei har god nytte av å bruke dei same lærermedla som dei norske elevane.

Eit spørsmål var kva typar nynorske lærermeddel ein sakna eller kunne ønskje tilgjengeleg. Fleire peiker på at dei saknar nettbaserte undervisingsopplegg, men også læreverk på nynorsk av typen *Ny i Norge* (siste utgåve berre bokmål), helst tilpassa aldersgruppa i ungdomsskulen. Alderstilpassa læreverk for minoritetsspråklege på nynorsk finst ikkje. Det er også ein stor mangel på gode ordlister og ordbøker, i tillegg manglar medietekstar/-produkt, t.d. filmar og lydopptak tilrettelagde for denne gruppa.

Viss vi samanfattar, ser vi at fem av dei ungdomsskulane som har svara på undersøkinga vår, skriv at dei bruker *NynorskPluss*. Dette er eit læreverk for vaksne innvandrarar og ikkje for elevar i grunnskulen. *Perler med Penn* derimot, er eit læreverk for ungdomsskuleelevar, men tenkt for dei som allereie har gode norskkunnskapar. I ungdomsskulen manglar det altså norskbøker for minoritetselevar med lite norskopplæring frå før. Det er nok difor *NynorskPluss* vert nytta. *NynorskPluss* er tenkt til dei utan norskkunnskapar på førehand og kan nyttast heilt til dei er komne på eit nivå i norsk der dei tek Norskprøve 3 (sjå under vaksenopplæringa).

Vi trur at ungdomsskulane godt kan bruke bøkene i *Ta ordet*-serien, sjølv om dei først og fremst er for elevar på mellomsteget. *Ta ordet 1* er tenkt til dei som ikkje har norskkunnskapar frå før, men som kan lese og skrive sitt eige morsmål. Tema og innhald passar langt betre for ungdomsskuleelevar enn tema i *NynorskPluss*. At ingen av dei spurde skulane nyttar *Ta ordet*, kan skuldast at ein ikkje veit om bøkene. Når så mange ulike lærarar på ein og same skule er inne og underviser minoritetselevar, er det vanskeleg å byggje opp kompetanse på feltet og få oversikt over tenlege læreverk.

Svar frå dei vidaregåande skulane

Svarprosenten for dei elleve aktuelle vidaregåande skulane var på vel 50 %, seks svara på undersøkinga. Dette omfattar svar frå ni lærarar som til saman underviser 32 minoritets-språklege elevar i norsk. 26 av desse fikk opplæring på bokmål, berre seks fekk opplæring på nynorsk.

Opplæring på bokmål vert grunngjeve med at elevane ønskjer å halde fram med den språk-forma dei har lært frå før – sjølv om dei følgjer undervisinga i ein nynorskkasse og undervisinga vert gitt på den andre målforma. Undervisinga som vert gitt i vaksenopplæringa i distriktet, er på bokmål. Dei held då fram med bokmål sjølv om dei får problem med nynorsk informasjon og det nynorsknære talemålet til lærarar og elevar på skulen. Ved eit byte til nynorsk er ein redd for språkforvirring. At lærebökene i norsk for minoritetsspråklege berre finst på ei målform, veg ofte tyngst. Det gjer at skulen i nokre tilfelle tilrår elevane å velje bokmål. Nokre lærarar peiker også på at det er ein sterk tendens til at innvandrarar forlét distriktet for seinare å busetje seg i byane, og at desse meiner det er meir formålstenleg å få norskopplæring på bokmål.

Opplæring på nynorsk vert då grunngjeve med at elevane har valt sjølve, bestemt av kva dei har hatt før. Tidlegare fekk dei fleste born og ungdommar grunnopplæringa si på bokmål, no får dei fleste norskopplæringa på nynorsk i nynorskdistrikta. Ei slik utvikling ser vi frå val av målform i ungdomsskulen. Desse elevane vel nynorsk på grunn av opplæringa dei har fått tidlegare, og fordi dei bur i nynorskdistrikt. Nokre elevar vel nynorsk fordi dei har vakse opp i eit nynorskmiljø, og dei vil halde fram med å bu her. 99 % av elevane ved skulen har nynorsk som hovudmål, skriv ein lærar. Då er det direkte integreringshemmande å velje bokmåls-opplæring. Når nynorsk er hovudmål på skulen, skjer all informasjon på nynorsk, og tavlespråket i timane elles er nynorsk. Dei minoritetsspråklege elevane får då same målform i lærebökene som dei andre, det gjer at dei lettare kan arbeide saman. Det faktum at nynorsken er nær talemålet i dette distriktet gjer det også naturleg å velje denne målforma i opplæringa i norsk. Det er det dominerande språket i læringsmiljøet, og med opplæring på nynorsk vil dei skjøne både lærarar, medelevar og sambygdingar betre.

Kva læremiddel vert brukte i nynorskundervisinga? I stor grad følgjer elevane undervisinga i ordinære klassar og bruker dei same bøkene som dei norske elevane som t.d. *Norsk for yrkesfaga*, *Klar melding*, *Mellom linjene* osv. To av lærarane skriv at dei minoritetsspråklege følgjer andrespråksplanen, men nyttar dei same bøkene som resten av klassen.

Korleis fungerer dei nynorske læremidla? Når det er så lite å velje mellom, må ein ”omsetje” frå bokmål sjølv. Fleire saknar ei innføring i nynorsk språk med grammatikkøvingar og skriveøvingar knytt til dei ordinære læreverka. Kva typar nynorske læremiddel saknar ein eller kunne ein ønskje tilgjengeleg? Fleire nemner grammatikk- og språkøvingar knytte til både skjønn- og sakprosalitteratur av ulik vanskegrad. Elles ville databaserte, sjølvinstruerande øvingar vere av stor verdi, t.d. som heimearbeid. Enkle og godt illustrerte framstillingar av lærestoffet på alle nivå manglar. Ein database med illustrasjonar, bilete, teikningar og figurar for å understreke og lære fagstoff i norsk, ville ha vore eit godt hjelpemiddel, meiner ein svarar.

Samanfattar vi så funna frå spørjeundersøkinga, ser vi at det berre er seks elevar som får nynorskoplæring i den vidaregåande skulen. Ingen av desse nyttar seg av dei nynorske læreverka i norsk som andrespråk. *Stemmer*, som er eit av dei nynorske læreverka som finst for den vidaregåande skulen, vert rett nok nemnd av ein lærar, men ikkje brukt. Det verkar som mange ikkje kjenner til det vesle som finst av læremiddel på nynorsk for denne målgruppa. Elevane bruker dei same norskbökene som dei norske elevane. Dette kan også kome av, som ein lærar skriv, at når dei minoritetsspråklege elevane er integrerte i klassane, vert det vanskeleg å organisere undervisinga med to ulike læreverk. Følgjer dei då også den vanlege læreplanen i norsk? To av lærarane skriv eksplisitt at dei minoritetsspråklege følgjer andre-språksplanen. Kor vanleg dette er, veit vi ikkje noko om. Sjølv om fleire av lærarane skriv at dei ønskjer seg databaserte og sjølvinstruerande oppgåver, er det verdt å merke seg at i motsetnad til i ungdomsskulen, er det ingen i vidaregåande skule som nyttar *NynorskPluss*.

Svar frå vaksenopplæringsinstitusjonane

Svarprosenten frå vaksenopplæringsinstitusjonane, var høg. Vi fekk svar frå åtte av elleve aktuelle opplæringsstader. Dette omfattar 41 lærarar som underviser 278 deltakarar på ulike norskkurs i kommunal regi. Av desse 278 var det 82 % som fekk opplæringa si på bokmål, 18 % på nynorsk. Alle vaksenopplæringsinstitusjonane ligg i kommunar som har nynorsk som administrasjonsmål og hovudmål i skulen.

Argumenta for å velje bokmål som opplæringsmål i vaksenopplæringa, er dei same som i skuleverket: Læremiddelsituasjonen, mediesituasjonen og flytting til bokmålsdistrikt gjer bokmål mest formålstenleg og funksjonelt. Nokre hevdar at det på grunn av mediesituasjonen er lettast å lære bokmål sjølv om ein bur i eit nynorskdistrikt. Lokalavisene er kanskje i hovudsak på nynorsk, men dei fleste regionale og mest alle nasjonale media bruker i hovud-

sak bokmål. Andre stiller spørsmålet om dialektane i desse områda verkeleg er nærmere nynorsk enn bokmål. Går ein inn i underlagsmaterialet, ser ein at dette spørsmålet kjem frå lærarar som arbeider i det ein kan kalle ”randsona” for nynorsken i Møre og Romsdal. Dei same lærarane peiker på at dei nyttar ei dialektbasert uttaleopplæring som dei ser på som uavhengig av målform, der dei legg stor vekt på å skjøne og snakke talemålet i området for slik å lette integreringa. Å velje nynorsk vil vere å ”stengje” elevane ute frå det heilt dominerande skriftspråket i landet, meiner dei. Andre argument for å nyte bokmål i andrespråksopplæringa i desse kommunane er at nynorskopplæring vil vere ei ulempe for asylsøkjarar som har fått positive svar på søknader om opphaldsløyve, og som ventar på busetjing i ein bokmålskommune. Dei neste argumenta må vel kunne karakteriserast som språkpolitiske meir enn pedagogiske: Nynorsk er eit minoritetsspråk som stadig taper terreng, nynorsk er vanskelegare enn bokmål. Og til slutt: Det er feil å bruke opplæring av innvandrarar som ein del av ein målstrid, der nynorsk har utspela den tidlegare rolla si.

18 prosent får altså eit tilbod på nynorsk. Grunngjevinga frå lærarsida for å gi eit slik tilbod, er fleire. Mange av innvandrarane er gifte eller sambuande med nordmenn i eit nynorskdistrikt, og fleire av dei har born som får opplæring på nynorsk i grunnskulen. Nynorsk i opplæringa vil fremje samarbeidet mellom heim og skule, det vil verte lettare for foreldra å gi leksehjelp, og også kontakten med kommunale etatar og kontor generelt vil verte betre, t.d. vert det enklare å skjøne kommunal informasjon. Dette er det mange som peiker på. Andre argument som går igjen, er at nynorsk er hovudmålet i distriktet og nær talemålet, og når ein bur i ein nynorskkommune, er det einaste naturlege å undervise på nynorsk. Ei skriftspråksopplæring nær talemålet vil gjere elevane i betre stand til å skjøne dialektar generelt.

Noko anna som påverkar valet, er at ein no har fått eit tenleg lærermiddel opp til språkprøvenivået, *NynorskPluss*, og i minst eitt tilfelle har kommunen vedteke at dette skal brukast i vaksenopplæringa. Vidare argumentasjon for nynorsk er betra integrering gjennom at elevane lettare kan halde seg orienterte om det som skjer gjennom lokalavisar. Ein kan betre nyte lokalbefolkinga som ressurs, for eksempel i introduksjonsprogrammet, når skriftspråket vert meir i samsvar med dialekten i lokalsamfunnet. Eit argument som nok mange lærarar i nynorskdistrikta fell for, er at ved å nyte nynorsk, slepp læraren å ”knote” i undervisinga, og ein får ei mykje meir naturleg munnleg og uttaletrening.

Kva lærermiddel vert brukte i nynorskundervisinga? Vi finn *NynorskPluss*, *Godt sagt, Ta ordet (1-3)*, *Ny i Noreg* i gamal utgåve som må kopierast til elevane, og diverse lærermiddel

som er laga for sidemålsundervisinga i ungdoms- og vidaregåande skule. I tillegg kjem aviser, lokalaviser, blad og media elles. Lettlesne bøker frå biblioteket, t.d. barnebøker vert nytta, elles ”Frå A til Å” – *Skolenettet, Noreg i verda*, o-fag for barnesteget og eigeprodusert materiale.

Korleis fungerer dei nynorske læremidla? Det internettbaserte tilbodet *NynorskPluss* er bra, men ikkje tilstrekkeleg, svarar fleire av lærarane. Dette er eit nettbasert læremiddel med fleire hundre sjølvrettande oppgåver, artiklar, korte videoinnslag og ordlistar på 28 ulike språk. I utgangspunktet var det tenkt berre på data, men påtrykk frå brukarane har ført til at ein no har fått utvikla nokre teksthæfte. Desse kan ikkje samanliknast med trykte lærebøker. Det er framleis mykje som manglar før *NynorskPluss* kan kallast eit fullverdig læreverk, ein treng t.d. lærarrettleiing, lærar- og elev-cd med lydmateriell og fleire arbeidsoppgåver.

Både elevar og lærarar saknar det oversynet det gir å ha eit læreverk i bokform. Lærarar som underviser elevar med lite skulebakgrunn, saknar alfabetiseringsbøker på nynorsk. Ei tenleg lærebok for denne gruppa er *Godt sagt*. Boka finst berre på bokmål, men på heimesida si har forlaget lagt ut teksten på nynorsk – til gratis nedlasting. Dersom ein vil nytte denne boka, må ein ta i bruk ”klipp og lim-metoden”. *Ny i Noreg*, i nynorskutgåve frå 1984, kom berre som prøveeksemplar og vart aldri eit komplett læreverk. Boka er no for gammaldags i innhald og form. Når det gjeld bøker på nynorsk for skuleverket elles, for nynorsk sidemålsundervising t.d., så tek ikkje dei opp dei spesifikke problema denne elevgruppa har. Mangelen på nynorske medietekstar er eit anna stort problem som fleire nemner.

Kva typar nynorske læremiddel saknar lærarane, kva skulle dei ønskje var tilgjengeleg? Svara og ønska er mange. Tekstsamlingar med korte, enkle tekstar, vanleg grammatikk, arbeidsgrammatikk for framandspråklege og lytteøvingar vert etterspurde. *NynorskPluss* burde vere fritt tilgjengeleg på nettet, og burde byggjast ut til eit fullverdig alternativ, t.d. kombinert med andre læreverk. Fleire meiner at databaserte løysingar berre bør vere ei støtte til eit tradisjonelt læreverk. Men det som verkeleg vil løyse problemet, og som burde vere sjølvsagt ut frå ein jamstellingstanke, er at ein kan velje mellom fleire nynorske læreverk med tekstbok, arbeidsbok, lærarrettleiing, lytteøvingar, dataoppgåver osb. – kort sagt: Ein må få det same tilbodet på nynorsk som på bokmål!

Erfaringar frå forsøk med nynorsk i vaksenopplæringa

Vi har valt å sjå særskilt grundig på vaksenopplæringa av fleire grunnar. Ein av grunnane er at opplæringslova ikkje gjeld for vaksenopplæringa, og då heller ikkje kravet om parallellutgåver av læreverk på begge målformene. Ein annan grunn er at ein no har det internett-baserte læremiddelet NynorskPluss som er tenkt nett til denne målgruppa. Den siste grunnen er at ein av oss, Birgitte Grimstad, også har arbeidd som lærar og administrator i vaksenopplæringa i nynorskkommunen Ulstein. Hausten 2004 heldt ho eit innlegg om temaet nynorsk i andrespråksopplæringa på Første forskingskonferansen om norsk som andrespråk. I innlegget fortel ho m.a. om kven det er som spør etter eit nynorsktildi i vaksenopplæringa:

Jeg har jobbet i voksenopplæringen i Ulstein kommune, en nynorsk kommune, i flere år og hørt på norskdeltakernes frustrasjon over hvor forskjellig ”klasseromsspråket” er i forhold til det språket de møter utenfor klasserommet, og hvor hjelpeøse de føler seg når de ikke kan hjelpe barna med leksene, eller har fått skriv fra skolen /kommunen som de ikke klarer å forstå.

Den andre gruppa som jeg har fått henvendelser fra, er innvandrere, flyktninger som har sluttet på norskkurs, men som i møte med arbeidslivet opplever at de har behov for opplæring i nynorsk. Denne gruppa omfatter også enkelte ressurssterke innvandrere med gode kunnskaper i bokmål, men som ansatt i en nynorsk kommune må forholde seg til nynorsk som arbeids-språk. (Grimstad, 2004)

Landssamanslutninga for nynorskkommunar gjorde ei undersøking våren 2001. Ho viste at dei innvandrarane som først og fremst ønskte opplæring på nynorsk, var dei som var i arbeid eller gifte med nordmenn. Mellom flyktningane var motivasjonen for å lære nynorsk først og fremst knytt til ønsket om å hjelpe borna med leksener. Undersøkinga viste også at innvandrarane endra haldning etter å ha budd i Noreg nokre år. 20 % fleire ville då velje nynorsk. I tillegg viste spørjeundersøkinga at dei fleste av dei 85 spurde nynorskkommunane ville ha nynorske lærermiddel, og at dei ville ta dei i bruk. (Bjørg Sandal, 2002)

Samstundes vart det sett i gong eit prosjekt finansiert av Utdannings- og forskingsdepartementet, og i 2003 vart *NynorskPluss* lansert. I samband med at det endeleg kom eit nynorsk læreverk, måtte nynorskkommunane ta stilling til om dei ville gå over til nynorsk i vaksenopplæringa for vaksne innvandrarar. Dette var bakgrunnen for at nokre lærarar frå vaksenopplæringsinstitusjonar på Sunnmøre danna gruppa *Nynorsknettverket av lærarar i vaksenopplæringa*. Dei ville sjå på om det var mogleg å starte opplæring på nynorsk, og tok

då i bruk det nye læreverket. Gruppa konkluderte med at sjølv om ein no hadde eit læreverk på nynorsk for vaksne innvandrarar, så var det ikkje ferdig utvikla, og mykje stod att om ein samanlikna med tilsvarende læreverk på bokmål. Men dersom ein skulle kunne gi denne elevgruppa eit reelt val mellom dei to målformene våre, så må ein ta i bruk det som er – og så kjempe for meir!

Også andre instansar har vurdert *NynorskPluss*. 1. september 2004 avslutta Vestlandsforsking og Høgskulen i Sogndal evalueringa av dette e-læreverket med rapporten [Evaluering av NynorskPluss](#) (Marsh mfl., 2004). I samandraget peiker forskarane mellom anna på at ein treng å utvikle ulike typar materiell i tillegg til det nettbaserte for bruk i klasserommet. Meir trykt materiell, for lettare å kunne arbeide med ulike læringsstrategiar, ville vere den beste måten å forbetra *NynorskPluss* på. Dei peiker også på at mange av brukarane var usikre på kva som var intensjonen: Var det tenkt at *NynorskPluss* skulle brukast aleine, saman med klasseromsundervising, med andre læremiddel, t.d. bøker, i tillegg? I rapporten kjem det fram at Læringssenteret ønskte eit fullt og heilt nettbasert tilbod, utan trykt materiale ved sidan av:

I følgje Jan Olav Fretland, som var medlem i styringsgruppa, var ein opphavleg interessert i å utvikle eit kombinert læreverk med mange ulike element, slik som bøker, arbeidshefte, lydmedium og eit nettbasert læreprogram. Men føringane frå Læringssenteret var at det som skulle utviklast, var eit nettbasert læremiddel og berre det.

Truleg har Læringssenteret sett utviklinga av dette læremiddelet som eit høve til å skaffe erfaring med reine nettbaserte læremiddel. Fretland meiner at dette er i tråd med tenkinga omkring IT i utdanninga, og det er også i tråd med eit optimistisk syn på kva ein kan oppnå ved å bruke nettbaserte læremiddel når det gjeld fleksibilitet, effektivitet og økonomi.

Ønska frå styringsgruppa om å utvikle eit kombinert pedagogisk opplegg førte såleis ikkje fram. (Marsh, mfl., 2004:11)

Men røyndomen ein møter ute i kommunane, er at svært få av målgruppa har datamaskin heime, og på grunn av stram økonomi og få lærartimar, har svært få vaksenopplærings-institusjonar høve til å gi studentane sine tilgang til dataromma utanom dei få fastsette timane. Det er ein grunn til at reine nettbaserte læremiddel ikkje er fullgode løysingar.

Både frå Nynorsknettverket, frå den omtalte evaluatingsrapporten, og frå vår eiga spørjeundersøking ser vi konklusjonar som seier at *NynorskPluss* er eit bra tilbod, men ikkje eit fullgodd tilbod. Ein må ha fleire læremiddel som supplement, grammatikkar, ordliste i hefte-

form, lydsamlingar på cd-ar, arbeidsbøker, og ikkje minst: ei gjennomarbeidd lærarrettleiring. Først med dette i tillegg vil *NynorskPluss* fungere etter intensjonane, utan dette vil det dessverre kunne skape meir frustrasjon enn støtte i undervisinga av minoritetsspråklege på nynorsk.

Utfordringar framover

Korleis kan ein så arbeide for å få ei reell jamstilling mellom dei to offisielle skriftspråka våre, også når det gjeld opplæring i andrespråk? Som vi har sett, vil dei som ønskjer å gi eit nynorsktilbod, møte mange vanskelege utfordringar, men det mest prekære og konkrete er mangelen på tenlege læremiddel.

Vi ser at lærarane i vaksenopplæringa er misnøgde med det tilfanget av læremiddel på nynorsk som eksisterer i dag. Det same gjeld dei lærarane som underviser i norsk som andrespråk i skuleverket elles. Men som vi har sett, er også fleire av dei læremidla som er laga på nynorsk for skuleverket, ukjende eller ikkje brukte. Eit viktig mål er å få fleire læreverk på nynorsk, i tillegg til må ein spreie kunnskap om og kanskje forbetre dei som finst. *Nynorsknettverket* meinte at det er først når ein har gått over til å bruke nynorsk at ein er i ein posisjon til å presse fram fleire læremiddel. Manglande marknad for og etterspurnad etter nynorske læremiddel i andrespråkslæring, fører til manglande tilbod. Og manglande tilbod fører til liten etterspurnad og marknad – det er denne vonde sirkelen ein må bryte.

Læremiddelsituasjonen er det alvorlegaste hinderet for å setje i gong nynorskklassar. Men hinder av anna enn praktisk art kan også finnast. Torunn Berntsen, amanuensis ved Høgskolen i Telemark, har sett på haldningar når det gjeld å velje målform i andrespråkslæringa. Kva styrer vala til lærebokforfattarar og skulebyråkratar og andre som avgjer målform?

I alle disse årene som jeg har hatt med norsk for utlendinger å gjøre, har jeg tenkt på hva slags norsk vi lar utlendingene møte. Jeg har aldri hørt det sagt, men føler at en slags tanke har liggi under: Det er for en utlending lettere å lære bokmål enn nynorsk, og det er lettere å lære konservativt bokmål enn radikalt bokmål. (Berntsen 2006:6)

Dei haldningane Berntsen nemner her, verkar truleg inn på råda dei minoritetsspråklege får. Kanskje er dei også med på å styre vala dei gjer av målform – dei få stadene der dei har eit reelt val?

Arbeidet for språkleg jamstilling i andrespråksopplæringa er for omfattande til at den ein-skilde læraren kan løyse alle utfordringane, m.a. kan målrørsla vere ein god alliert. Noregs Mållag seier dette i arbeidsprogrammet sitt for 2005-08: *Nynorsk som bruksspråk – synleg for alle*:

Noregs Mållag vil arbeide for å fremje bruken av nynorsk i andrespråksopplæringa. Noregs Mållag vil spreie informasjon om dei læreridla som alt finst (Nynorsk+) og arbeide for at det blir utvikla fleire lærermiddel. Nynorskkommunane og andrespråksmiljøa vil vera prioriterte målgrupper for utbreiing og utvikling av lærermiddel. (...) Noregs Mållag skal arbeide for å sikre retten til nynorske lærermiddel for vaksne innvandrarar. Norskopplæringa for vaksne innvandrarar bør kome inn under opplæringslova, slik at ein får lovfest at undervisningsmateriellet som vert utvikla kjem på både språka til lik tid og pris. I tillegg må det som alt finst av materiell på bokmål, verte omsett til nynorsk. (Noregs Mållag, 2004)

Kravet som vert stilt, er at lova må vere den same i vaksenopplæringa som i skuleverket elles: Ein må kunne gi det same opplæringstilbodet på nynorsk som på bokmål. Då må ein utvide lærermiddeltilbodet opp til Norskprøve 3-nivået. Eit databasert lærermiddel, med dei vanske dette fører med seg, er ikkje eit fullgoda alternativ.

Men arbeidet for å få fleire lærermiddel på nynorsk i vaksenopplæringa ser no ut til å bere frukter. 16. juni 2006 sende Utdanningsdirektoratet ut ei kunngjering om tilskot til utvikling og produksjon av lærermiddel på nynorsk for språklege minoritetar, der målgruppa er vaksne minoritetsspråklege. Den totale ramma for utlysinga var kr 2 700 000. Av utlysinga gjekk det fram at tilskot kan gå til ulike typar lærermiddel som grunnbøker, arbeidsbøker, tilleggs-materiell og nynorsk grammatikk. Denne kunngjeringa kom som resultat av eit, i dobbel forstand, målmedvite arbeid over lang tid, og ein ventar at læreridla skal kome på marknaden hausten 2007. Utdanningsdirektoratet har også på oppdrag frå Kunnskapsdepartementet nettopp avslutta arbeidet med *Nasjonal strategiplan for nynorsk i opplæringa* (vert offentleg tidlegast våren 2008). Eitt av hovudavsnitta her tek føre seg nynorsk i opplæringa av minoritetsspråklege, og også grunnopplæringa for vaksne og lærermiddelsituasjonen, ikkje minst.

For dei som ønskjer å gå vidare etter Norskprøve 3 og vil ta [*Norsk språktest på høyere nivå*](#) (Bergenstesten) eller *Trinn 3*-eksamen ved eit universitet eller ein høgskule, er det ikkje i dag eit reelt val mellom bokmål og nynorsk. Det finst ikkje tenlege nynorske lærermiddel på det

nivået, men den situasjonen kan endrast, anten ved å utvikle parallelutgåver på nynorsk til eksisterande læreverk som t.d. *Her på Berget*, eller ved at ein utviklar eit nytt læreverk.

Når det gjeld å få omsett *Norsk språktest på høyere nivå* til nynorsk, så har dette vore oppe fleire gonger, seinast våren 07, etter påtrykk både frå vaksenopplæringsinstitusjonar og frå einskildpersonar. Både Noregs Mållag og LNK har teke tak i dette no, og det er von om at ein nynorsk språktest vil verte utvikla om berre løyvingar til formålet kjem.

Vi ser også at det trengst t.d. ein nynorsk grammatikk til bruk i lærarutdanninga. Høgskulen i Volda har eit studietilbod i Norsk som andrespråk og fleirkulturell pedagogikk. Slik det no er, må studentane lese bokmålsgrammatikk i eit kontrastivt perspektiv og studere elevtekstar på bokmål. Høgskulen i Volda bør ha eit særleg ansvar for å gi eit fullgodt og jamstilt tilbod til lærarar som skal undervise minoritetsspråklege i nynorsk, og også allmennlærarstudentane må verte merksame på problematikken knytt til retten til opplæring på nynorsk for minoritets-språklege. 122 år etter jamstillingsvedtaket er det vel på tide med jamstilling også på dette området. På alle nivå i andrespråksopplæringa bør ein få det same læremiddeltilbodet på nynorsk som på bokmål, for først då vil det verte eit reelt val mellom dei to målformene.

Kjelder

Berggreen, Harald og Tenfjord, Kari: *Andrespråkslæring*, Bergen 1999

Berntsen, Torun: "Språksituasjonen i Norge og norskundervisning for utlendinger", i *Språklig samling*, 2, 2006

Dagbladet, leiar, 30.08.2000

Kirke-, utdannings- og forskningsdepartement: *Læreplanverket for den 10-årige grunnskolen. Norsk som andrespråk for språklige minoriteter*, 1998

Kirke-, utdannings- og forskningsdepartementet: *Opplæringsplan i norsk med samfunnsvitenskap for voksne innvandrere*, 1998

Fylkesmannen i Oslo og Akershus: *Veileddning i kartlegging av minoritetsspråklige elevers språkferdigheter*, 2003

<http://www.fylkesmannen.no/fagom.aspx?m=4905&amid=1005207>

Grepstad, Ottar: *Viljen til språk. Årstale nr. 2 om tilstanden for nynorsk skriftkultur*. Nynorsk kultursentrum, Ørsta 2002

<http://www.aasentunet.no/default.asp?menu=72&id=375>

Grimstad, Birgitte: "Nynorsk i voksenopplæringen", innlegg på *Første forskingskonferansen om norsk som andrespråk*, Høgskulen i Hedmark, Hamar 17. og 18. november, 2004

Grunnskolens informasjonssystem, www.wis.no/gsi/

Kunnskapsdepartementet: *LOV 1998-07-17 nr 61: Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa* (opplæringslova), 1998

<http://www.lovdata.no/all/nl-19980717-061.html>

Kunnskapsdepartement: *Likeverdig opplæring i praksis! Strategi for bedre læring og større deltagelse av språklige minoriteter i barnehage, skole og utdanning 2007-2009*, Revidert utgave 2007

http://www.regjeringen.no/upload/KD/Vedlegg/Grunnskole/Strategiplaner/UDIR_Likeverdig_opplaering2_07.pdf

Marsh, Sandra mfl.: *Evaluering av NynorskPluss*, VF-rapport nr. 3/2004, Vestlandsforsking – Sogndal, 2004

<http://www.vestforsk.no/www/show.do?page=12&articleid=1270>

Møre, lokalavis for Volda: ”Bokmålslæring i nynorskland gir auka språkstryk”, intervju med Kjell Tore Aarstad den 02.06.04

Noregs Mållag: *Nynorsk som bruksspråk – synleg for alle*. Framlegg til nytt arbeidsprogram for Noregs Mållag 2005-2008, 2004

Norsk Tidend, nr. 1 – 2004

Norskprøve 3, <http://www.fu.no/>

Osdal, Hilde: ”Nynorsk i andrespråksopplæringa – med vekt på erfaringar frå vaksenopplæringa”, i *Norsklæraren* 3, 2005

Osdal, Hilde: ”Det norske språkmangfaldet – for alle?”, i *Syn og Segn*, 4, 2006

Rambøll Management: *Evaluering av praktiseringen av norsk som andrespråk for språklige minoriteter*. November 2006.

http://www.udir.no/upload/Rapporter/Evaluering_av_Norsk_som_2_sprak.pdf

Sandal, Bjørg: ”Kvifor nynorsk for framandspråklege”, kurs frå Gloppen Opplæringssenter for lærarar i vaksenopplæringa i Ulstein kommune, våren 2002

Utdanningsdirektoratet: *Statstilskot til opplæring for språklege minoritetar i grunnskolen*, Rundskriv Udir – Tilskot – 10 - 2005

<http://www.fylkesmannen.no/fagom.aspx?m=1684&amid=1019259>

Utdanningsdirektoratet: *Læreplanverket for kunnskapsløftet*. Midlertidig utgave, juni 2006

Utdannings- og forskningsdepartementet: *Læreplan i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar*, 2005

Åm, Mali: ”Nynorsk som opplæringsmål for framandspråklege?” *Konklusjon frå den interkommunale lærargruppa på NFI, på Søre Sunnmøre*, Hareid, 11.06.04

Vedlegg

Vedlegg 1

Nynorske læreverk for minoritetsspråklege Nynorske læreverk for minoritetsspråklege i grunnskulen

1.–4. klasse:

- An-Magrit Hauge: *Leseboka vår* (tekstbok + arbeidshefte), Cappelen 2000
- An-Magrit Hauge: *På eventyr* (tekstbok + arbeidshefte), Cappelen 2000
- An-Magrit Hauge og Inger Marie Smidt: *Bruk orda* (tekstbok + arbeidshefte), Cappelen 2000
- Lise Alant og Margareth Sandvik: *Kvalpen og eg. Mi fyrste skulebok* (arbeidsbok + nettstaden www.hundespor.no), Grom design 2005

5.–7. klasse:

- Vigdis Alver, Harald Berggreen og Kari Tenfjord: *Ta ordet 1–3* (tekstbøker + arbeidsbøker), Cappelen 2000

8.–10. klasse:

- Ingebjørg Hasle og Mary M. Strand: *Perler med penn* (antologisamling + arbeidshefte), Cappelen 2001
- Berg og Sjo Engen: Norsk start (tekstbok + arbeidsbok + nettstaden www.norskstart.cappelen.no). Cappelen 2007 (kjem hausten 2007))
- Bodhil Winterbottom: *Mangfold og samspel i naturen, del 1*, Åsheim ungdomsskole Trondheim 2006
- Kjell Erik Aas: *Verdsrommet*, Åsheim ungdomsskole, Trondheim 2006
- Kjell Erik Aas: *Yrke og utdanning*, Åsheim ungdomsskole, Trondheim 2006

Nynorske læreverk for minoritetsspråklege i den vidaregåande skulen

- Erna Vibeke Gjernes og Anne Golden mfl.: *Stemmer 1–2* (Lesebøker + studiebok + arbeidsbok + teoribok), modul 1–4, Gyldendal Undervisning 1997–1999

Nynorske læreverk for minoritetsspråklege i voksenopplæringa

- Cyberbook: *NynorskPluss* (eit nettbasert læreverk)
- Birgitte F. Grimstad og Hilde Osdal: *Nynorsk grammatikk for minoritetsspråklege* (Spor 2 og 3) – til utskrift frå nettet, Volda, 2007
- Kirsti Mac Donald: *Praktisk norsk. Øvingsbok i norsk for vaksne innvandrarár* (spor 2) Cappelen 2007
- Kirsti Mac Donald: Arbeidsgrammatikk Norsk som fremmedspråk. Cappelen 1999 (kjem på nynorsk hausten 2007)

For innvandrarar med liten skulebakgrunn (med vekt på munnleg opplæring):

- Lisen Engh: *Første ord på norsk, A: Bilete og lyd*. Minor Forlag
- Ellen Hanssen og Lise Gummesen: *Godt sagt 1* (biletordbok) (NB! Nynorskutgåva til *Godt sagt 1* er berre tilgjengeleg på nettet.), Fag og kultur 2000
- Norsk Interaktiv A/S: *Migranorsk alfa* (CD-rom)

Nynorske læreverk i samfunnskunnskap/arbeidslivskunnskap

- Alnæs, Diana, Signe Vibeche Holte og Tove-Dina Røynestad: *Kropp og helse*. (Temahefte for spor 1–2), Vox 2006.
- Ingebjørg Dolven og Janne Rønningen: *Intro. Samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar* (lærebok + nettstaden www.intro.cappelen.no), Cappelen 2005
- Ingebjørg Dolve, Janne Rønningen og Jorunn Mo: *Jobb i siktet. På praksisplassen* (arbeidshefte), Cappelen 2004
- Inger Johanna Hoftun, Sissel Hofgaard Swensen: *Samfunnet Noreg* (nettbasert), Læringsenteret 2002
- Kamil Øzerk Z.: *Fylka i Noreg*, Oslo, Kolofon forlag, 2005

Anna materiell

- Utdanningsdirektoratet/AKSIS 2006: *Lexin* (ordbøker for innvandrarar)
- Utdanningsdirektoratet 2006: *Språkpermer*

Nynorsk for utanlandske studentar

- Peter Hallaråker: *Norwegian Nynorsk: An Introduction for Foreign Students*, Bergen, Universitetsforlaget, 1983. Ny utgåve på eige forlag 1998. Tilgjengeleg frå forfattaren (peter.hallaraker@hivolda.no), Fagbok (fagbok@hivolda.no) og frå Haugen Bok (epost@haugenbok.no).

Nynorske læreverk som ikkje lenger er i sal

- Gerd Manne og Reidun Birkeland: *Ny i Noreg*. Fag og kultur, 1989 (prøveutgåve)
- Per-Bjørn Pedersen og Per Moen: *Norwegian Grammar, Nynorsk*, Oslo, Aschehoug, 1983

Lista er laga av Birgitte Grimstad.

Vedlegg 2

Spørjeundersøking – nynorsk i undervisninga av minoritetsspråklege elevar/vaksne innvandrarar.

Til deg som underviser i norsk som andrespråk!

Skule/opplæringstilbod: _____

- Arbeider du i ungdomsskulen , vidaregåande skule , vaksenopplæringa ?
 - Kor mange minoritetselevar/vaksne innvandrarar får norskopplæring ved skulen/opplæringstilbodet? ____
 - Kor mange lærarar underviser i norsk for minoritetselevar/vaksne innvandrarar ____?
(Med norsk for minoritetselevar meiner vi norsk som andrespråk eller særskild norskopplæring gitt individuelt eller i grupper utanom dei ordinære timane)
 - Kva målform blir brukt i norskopplæringa for minoritetselevar/vaksne innvandrarar?
Bokmål – kor mange elevar hausten 2004? ____
Nynorsk – kor mange elevar hausten 2004? ____
 - Korleis blir val av målform for minoritetselevar/vaksne innvandrarar grunngjeve (skriv under)?

6. Kva fordelar og kva ulemper meiner du undervisning på nynorsk medfører for elevane (skriv under)?
 7. I fall du bruker **nynorsk**: kva læremiddel blir brukte (skriv under)?
 8. Er du nøgd/misnøgd med korleis dei nynorske læremidla fungerer?
Grunngje svaret ditt! (skriv under)
 9. Kva typar nynorske læremiddel saknar du eller kunne du ønskje tilgjengeleg på skulen/opplæringstilbodet (skriv under)?

Takk så mykje for at du har teke deg tid til å svare!

Birgitte Grimstad, Høgskulen i Volda

Hilde Osdal, Høgskulen i Volda